

Nordisk instrumentseminar

8. –10. november 2023 på Valdres Folkemuseum på Fagernes



Hardingfeler i den nye utstillinga på Valdres Folkemuseum. Utstillinga stod ferdig i 2021.

Innholdsliste

- 1) Samandrag
- 2) Målsetting
- 3) Målgruppe
- 4) Deltakarar på seminaret
- 5) Forankring
- 6) Unesco-konvensjonen om immateriell kulturarv
- 7) Samarbeid i Norden
- 8) Tema som vil bli drøfta under seminaret

1 Samandrag

Bakgrunn

Situasjonen for dei nordiske musikkinstrumenthandverka er skjør og fleire spør korleis ein skal sikre gamle, unike handverkstradisjonar for framtida. 8.–10. november 2023 inviterer derfor Valdresmusea (N), Valdres folkemusikkarrangement (N), Norsk folkemusikklag (N) og Eric Sahlström Institutet (S) til Nordisk instrumentseminar på Valdres Folkemuseum på Fagernes. Målet er å samle 100 deltakarar frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island til demonstrasjon, foredrag, debatt og konsert.

Målet med seminaret er å rette merksemda på situasjonen for eldre, tradisjonelle musikk-instrumenttradisjonar i Norden, slike som hardingfele, langeleik, bukkehorn, kantele, langspel, nøkkelharpe og munnharpe. Med seminaret ynskjer vi å skapa arenaar og nettverk for makarar, forskarar, musikarar og arrangørar.

Valdresmusea, Valdres folkemusikkarrangement, Norsk folkemusikklag og Eric Sahlström Institutet er initiativtakarar og ansvarlege for gjennomføringa av seminaret.

Samarbeidspartar elles er Ringve Musikkmuseum (inkludert det nasjonale museumsnettverket «Musikknettverket»), Ole Bull Akademiet og Universitetet i Sørøst-Noreg. Vi søker samarbeid også med desse institusjonane: Gudbrandsdalsmusea, Mjøsmuseet, Norsk Handverksinstitutt, Hjerleid Handverksskole, FolkOrg, Noregs Ungdomslag, Norsk Munnharpeforum, Norsk Langeleikforum, Norsk Lur- og bukkehornlag, Noregs musikkhøgskule og Foreningen Norden. Moglege økonomiske støttespelarar er Nordisk kulturfond, Kulturrådet, Sparebankstiftelsen DNB og fleire.

Nordisk instrumentseminar blir arrangert for fjerde gong. Fyrste gongen var på Eric Sahlström Institutet i Tobo i Sverige i 2007. I 2011 vart det halde eit seminar i Kaustinen i Finland, og i 2013 vart seminaret arrangert på Fagernes i Noreg. Ideen til ei nordisk seminarrekke vart til i Finland i 2005. Her hadde ein lenge jobba ut i frå spørsmålsstillinga om kor vidt den historiske 5-strengskantelen var i ferd med å bli borte, på kostnad av den moderne orkesterkantelen.

Presentasjon av s kjarane

Valdresmusea er den konsoliderte museumsorganisasjonen for Valdres, og driv mellom anna Valdres Folkemuseum som gjennom seksti  r har vore m teplass for ut ving, rekruttering, innsamling og formidling av folkemusikk og folkedans. Valdresmusea er det einaste museet i landet med eigen instrumentverkstad, og er det st rste konsentrerte instrumentmakarmilj et i Noreg. Gjennom  ra har museet produsert og reparert tusenvis av hardingfeler, langeleikar og strengar. Valdresmusea driv  g Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Gjennom instituttet er Valdresmusea akkreditert NGO i Unesco. Les meir p  valdresmusea.no.

Valdres folkemusikkarrangement AS (VFAS) er ein av dei st rste og mest aktive arrang rane innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg i dag. VFAS er nyskapande, har mange aktive medhjelparar – og stor gjennomf ringskraft. Valdres folkemusikkarrangement skipar kvart  r til J rn Hilme-stemnet, som er den eldste folkemusikkfestivalen i landet, og Strunkeveko, som er

det største folkemusikk-kurset for barn og ungdom. I tillegg arrangerer Valdres folkemusikk-arrangement konsertar gjennom året og faste månadlege samlingar for born og unge i Valdres. Les meir på hilme.no.

Museet og festivalen er nasjonale premissgjevarar i arbeidet med folkemusikken og dansen. Valdresmusea vart i 2022 kåra til Årets museum, medan Valdres folkemusikkarrangement har vorte kåra til Årets folkemusikkarrangør.

Norsk folkemusikklag vart stifta i 1948 og har som føremål å fremja forskning, dokumentasjon og formidling av kunnskap om folkedans og folkemusikk. Laget er ein møteplass og eit fagleg forum for dei som til dagleg arbeider med folkemusikk og folkedans, og for alle andre som er nysgjerrige på vitskaplege perspektiv på dette fagfeltet. I tillegg til å vera ein organisasjon for forskarar og fagleg tilsette rekrutterer Norsk folkemusikklag medlemmer blant studentar, utøvarar og andre som er generelt interesserte i folkemusikk. Norsk folkemusikklag er norsk avdeling av International Council for Traditional Music (ICTM). Les meir her: norskfolkemusikklag.wordpress.com

Eric Sahlström Institutet er det fremste navet for studie av nøkkelharpa, og arbeidar for å utvikle både spelet og instrumentbyggetradisjonen. Instituttet driv også med utdanning innan nøkkelharpe, og dei held andre kurs. Eric Sahlström Institutet driv nettverksarbeid og prosjekt for å synleggjere og spreie nøkkelharpa endå meir. Ungdomsarbeid står høgt på agendaen til instituttet. Utdanninga ved Eric Sahlström Institutet står under tilsyn av Myndigheten för yrkeshögskolan. Les meir her: esitobo.org

Prosjektets nordiske dimensjon

Den nordiske folkemusikken er ei sterk kulturell merkevare som vi ynskjer skal leva vidare også i framtida. Dei eldste musikkinstrumenta inngår som ein føresetnad for denne merkevara og bør derfor få større merksemd frå storsamfunnet.

Framtida for dei nordiske instrumenttradisjonane er høgst usikker. I Noreg er det berre ein handfull handverkarar som lagar hardingfeler og langeleikar. I Sverige er det berre eit fåtal halvprofesjonelle nøkkelharpemakarar. Situasjonen for andre instrument er den same i dei andre nordiske landa.

Tilboda om utdanning er like utilfredsstillande i alle dei nordiske landa. Nasjonale planar for bevaring av nasjonale instrumentsamlingar finst heller ikkje. Om vi ikkje tek ansvar for desse tradisjonane no, risikerer vi at kunnskapen om dei går i gløymebooks i løpet av få år.

Vi ynskjer no å hente fram erfaringar frå tidlegare seminar og frå miljø som har lukkast i arbeidet med å sikre instrumenttradisjonane for ettertida.

2 Målsetting

Målet med seminaret er å rette merksemda mot situasjonen til dei eldre, tradisjonelle og særegne instrumenttradisjonane i Norden. Med seminaret ynskjer vi å skapa arenaar og varige nettverk for makarar, forskarar, musikarar og arrangørar.

Med dei eldste instrumenttradisjonane meiner vi dei eldste musikkinstrumenta som det finst ein levande tradisjon for, men og rekonstruerte eldre instrumenttradisjonar. Tradisjonane for dei eldste instrumenttradisjonane i Norden er like og ulike på same tid. Felles for alle landa er ein sterk strengeinstrumenttradisjon. Døme på slike instrument kan vere hardingfele (N), langeleik (N), kantele (F), langspel (I) og nøkkelharpe (S).

På seminaret løftar vi aktuelle problemstillingar som rekruttering, utdanning og mangfaldet i tradisjonen. Kven skal legge til rette for at fleire kan drive med, og leve av instrumentbygging? Kva ansvar har politikarane? Og kva ansvar har utøvarane, miljøa og organisasjonslivet sjølve?

Seminaret drøftar ikkje berre musikkinstrument som fysisk objekt – og tilverkinga av desse, men ser også heilskapen i tradisjonen, og særleg samspelet mellom instrument, muskar og utøvar. Den immaterielle kulturarven er kompleks og ofte verkar fleire yringsformer saman.

På seminaret får vi demonstrasjon av instrumenbyggertradisjonar i alle dei nordiske landa, og vi møter forskarar, instrumentmakarar, konservatorar og muskarar som drøftar instrument, produksjon og tradisjon med ulike tilnærmingar. Vi får kjennskap til aktuelle pågåande prosjekt i Norden og vi inviterer til debatt og samtale om framtida for handverket. Også får vi sjølvsagt høyre instrumenta i bruk i konsertar gjennom alle dei tre seminar dagane.

Målet med seminaret er at det i den andre enden skal føre *til* noko, og at seminaret kan vere med å utgjere ein forskjell. Eit mål er at sentrale utdanningsinstitusjonar i Norden forpliktar seg til samarbeid om utdanning og opplæring. Vidare ynskjer vi å styrke samarbeidet mellom dei som driv opplæring for born og unge – til dømes kulturskulane – ved å utvikle pilotar som skuler og miljø i heile Norden skal kunne gjere seg nytte av. I tillegg ynskjer vi å styrke dialogen med dei institusjonane som arbeidar særleg mot unge handverkarar, til dømes handverksskulen på Hjerleid i Gudbrandsdalen og Treskjerarverkstaden på Fornebu.

Seminaret blir formidla gjennom eigne kanalar og nettsider, på sosiale medium og i avisene. Seminaret vil bli streama og grundig dokumentert, og munne ut i ein film med føredraga til innleiarane og med andre relevante tekstar. Fordi instrumentbygging er ein liten og truga handverksform meiner vi det har stor verdi at seminaret blir dokumentert grundig. Vi ynskjer å publisere filmen på ulike plattformer, på YouTube og eigne heimesider. Vi vil difor inngå samarbeid med filmprodusent Jørn Nyseth Ranum som vil dokumentere seminaret. Eit samarbeid er ikkje formalisert enno, men Ranum er godt kjend med prosjektet.

3 Målgruppe

Hovudmålgruppa for seminaret er profesjonelle og semi-profesjonelle instrumentmakarar frå Norden. Vidare vil vi invitere personar med eit breitt spekter av kompetansar og bakgrunnar, for slik å kunne sjå problemstillingane i eit breitt og tverrfagleg lys. Vi ser for oss samansetting av deltakarar med følgjande bakgrunnar:

- Instrumentmakarar; amatørar og profesjonelle
- Folkemusikkforskarar; frilans eller med tilknytning til institusjonslivet
- Instrumentforvaltarar; konservatorar i musea og eigarar av private samlingar
- Muskarar og dei med interesse for samspelet mellom instrument og utøving

- Handverkslærarar i grunnskulen og ungdomsskulen
- Andre kulturinteresserte

4 Deltakarar på seminaret

Vi ynskjer å invitere foredragshaldarar og ressurspersonar frå alle dei nordiske landa, og som på kvar sine måtar kan bidra til å sette farge på seminaret. Ingen er spurde enno, men vi har stor tru på at fleire av dei vil kome. Mange av dei vi vil spørje har fleire hattar – dei er musikarar og arbeidar ved eit institutt, dei er utøvande professorar, dei er instrumentmakarar og musikarar, eller kulturinteresserte i vidaste forstand. Aktuelle deltakarar frå Noreg er: Anders Buen (akustikar), Benjamin Rygh (universitetslektor), Gjermund Kolltveit (forskar), Mats Krouthén (konservator), Bjørn Aksdal (forskar), Ottar Kaasa (instrumentmakar), Jo Asgeir Lie (rektor), Oddrun Hegge (instrumentmakar), Niels Røine (instrumentmakar), Steinar Ofsdal (musikar), Stein Villa (instrumentmakar og musikar), Unni Løvlid (fyrsteamanuensis), Stian Roland (instituttleiar), Sverre Heimdal (instrumentmakar), Vera de Bruyn-Ouboter (materialkonservator), Arnfinn Stendahl Rokne (direktør) og Siri Helle (forfattar).

Aktuelle deltakarar frå dei andre nordiske landa er: Dan Lundberg, generaldirektør ved Musikverket (S), Esbjörn Hogmark, instrumentmakar og lærar (S), Gunnar Ternhag, forskar (S), Cajsa Lund, forskar (S), Madeleine Modin, forskingsarkivtar (S), Magnus Gustavsson, musikar og forskar (S), Daniel Fredriksson, universitetslektor og musikar (S), Hållbus Totte Mattsson, professor og musikar (S), Matti Hakamäki, musikar og direktør ved Musikk instituttet i Kaustinen (F), Rauno Nieminen, instrumentmakar og forskar (F), Bjarki Sveinbjörnsson, direktør og musikkforskar (I).



Esbjörn Hogmark, initiativtakaren til det fyrste nordiske instrumentseminaret i 2007.

5 Forankring

I eit globalt perspektiv representerer produksjonen av dei nordiske folkemusikkinstrumenta ei svak kulturell uttrykksform. Framtida for til dømes dei norske hardingfeletradisjonane kviler i hendene på berre nokre få instrumentmakarar. I Sverige er situasjonen omtrent som i Noreg med nokre få halvprofesjonelle nøkkelharpemakarar att. Tilboda om utdanning like dårlege i alle dei nordiske landa. Nasjonale planar for bevaring av nasjonale instrumentsamlingar finst knapt.

Sidan 2013, då det fyrste nordiske seminaret vart arrangert i Noreg, har det kome til eit par fine initiativ som vonleg vil ha framtida framfor seg. Men også desse initiativa er avhengige av levande tradisjonsmiljø utanfor skulesystema. Ved Universitetet i Sørøst-Noreg si avdeling i Rauland i Telemark kan ein velje instrumentbygging som studieretning, og ved Ole Bull Akademiet har det til tider vore mogleg å gå i lære i instrumentbygging. Sidan 2017 har folkemusikkmiljøet samarbeidd med investeringselskapet Dextra Musica om rekruttering og kjøp av folkemusikkinstrument.

Framtida for dei nordiske musikk- og instrumenttradisjonane er trass desse tilfanga usikker. I konkurranse med ein global musikkindustri blir dette tydeleg og tankevekkande. Om vi ikkje tek ansvar for desse tradisjonane no, risikerer vi at kunnskapen går i gløymeboka. Slik vil også det globale musikk mangfaldet bli fattigare.

Musea er òg viktige miljø som sikrar kunnskapen i og om instrumenta og tradisjonane. I Noreg er det særleg Ringve musikkmuseum og Valdresmusea som tek eit nasjonalt ansvar for dei norske musikkinstrumenta. I Danmark og Sverige er situasjonen annleis. Det blir musikkmusea konsekvent bygt ned. Slik forsvinn også viktig og uvurderleg kunnskap for eit heilt miljø.



Frank Rolland under Nordisk instrumentseminar i 2013.

6 Unesco-konvensjonen

Ei viktig støtte til arbeidet med å sikre og vidareføre dei gamle musikkinstrumenttradisjonane er Unesco-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Under seminaret vil vi drøfte problemstillingar for instrumenthandverket i lys av denne konvensjonen. Kva kan den utløyse av merksemd og ressursar? Korleis kan konvensjonen bidra til å høgde statusen for tradisjonen – og dei som står i han – makarane?

Alle dei nordiske landa har ratifisert konvensjonen. Den er eit viktig oppdrag for Unesco, og overfor deltakarlanda er det ei forventning og ei forplikting til å realisere ulike mål – og sikre tilstrekkeleg med ressursar – innafor feltet.

I Noreg er det Norsk kulturråd som har fått i oppdrag å legge strategiar og for dette arbeidet. I Sverige er det Institut för språk och folkminnen som skal gjere det same.



Nordisk instrumentseminar på Fagernes i 2013.

I november i 2021 inviterte Kulturrådet til webinar om arbeidet med immateriell kulturarv på norske museum. I møtet vart det vist til mange gode døme på korleis musea og institusjonane kan vere gode støtte til ein levande, utøvande kultur. Samstundes vart det peikt på at musea må vere meir enn arena for framvising. Musea (og dei andre kulturinstitusjonane) må ta eit heilskapleg grep om rekruttering og utdanning på dette området.

I Sverige har den svenske regjeringa i mars i år bestemt å nominerer nøkkelharpas nettverk til UNESCOs register over gode metode for vern den immaterielle kulturarven. I Sverige kan folk flest og organisasjonar sende inn forslag på tradisjonar, seder og skikkar til *Sveriges förteckning över levande traditioner*, som Institutet för språk och folkminnen har ansvaret for.

I Norge har utøving av stev, dans og folkemusikk frå Setesdal fått plass på Unesco-listene. I 2012 starta Setesdal spelemannslag arbeidet for å få folkemusikken og folkedansen på denne lista. Målet med arbeidet har vore å sikre at den unike stevkunsten, dansen og folkemusikken ikkje går tapt for ettertida.

Etter innskrivinga av songen, musikken og dansen viser det seg likevel at ressursane uteblir. Til seminaret vil det vere eit mål å få kommunane og myndigheitene i tale, og vise dei kvifor dei òg har eit ansvar med å sikre vilkåra for tradisjonane.

Alle dei nordiske landa har kome eit godt stykke i arbeidet med legge strategiar og å rigge til verkemiddel for det immaterielle kulturarvfeltet. Men skal ein lukkast i arbeidet med å sikre sårbare kulturarvstradisjonar, må ein bli endå flinkare til å samhandle på tvers av fagnivåa – og landegrensene. Til seminaret i Valdres er det derfor eit mål å invitere politisk leiing både innfor kultur og utdanningsfeltet, ikkje berre frå Noreg, men frå alle dei nordiske landa.

7 Samarbeid i Norden

Utfordringane for instrumentmakarane i Norden er grovt sett dei same. Sidan det berre er ein handfull instrumentmakarar i kvart av dei nordiske landa, blir ventelistene stadig lenger, både for dei som treng å få reparert instrumenta sine og for dei som ynskjer nybygde instrument.

Mangelen på instrumentmakarar får også konsekvensar for dei store instrumentsamlingane – på nordiske museum og andre institusjonar. Utan tilstrekkeleg kompetanse for konservering av slike instrument, risikerer vi at viktige nasjonale verdiar i verste fall går tapt. Per tid finst det ingen planar i dei respektive landa for sikring av desse instrumentsamlingane.

Mykje ligg til rette for eit samarbeid om instrumentfaget i Norden: fredeleg samkvem i over 100 år, språkfelleskapen (for tre av landa), stabile økonomiar og føreseielege politiske styre. Situasjonen for den eldste musikk- og instrumentarven er likevel det stikk motsette. Med ein felles agenda under seminaret kan vi setje søkelyset på denne delen av kulturarven.

Kulturpolitikken i dei nordiske landa spring ut av ei erkjenning om at kulturen har sin eigenverdi. Det er likevel ikkje til hinder for at ein gjennom kulturelt samkvem kan oppnå andre samfunnsmessige mål. Valdresmusea, Valdres folkemusikkarrangement og Norsk folkemusikk-lag er på ulike vis delaktige i internasjonalt samarbeid og ser at dette i seg sjølv har ein nytteverdi. Styrkt kunnskap om menneske og samfunn i Norden vil dessutan vera ein føresetnad dersom Norden skal spele ei global rolle i framtida, det vere seg innafor innovasjon, busetjing og det breie kunnskapsfeltet.

8 Tema som vil bli drøfta under seminaret

Programmet for seminaret er ikkje klart, men følgjande tema er blant dei som vil bli drøfta i foredrag, debattar, samtalar og ved demonstrasjon.

Nasjonale handlingsplanar, treng vi det?

Ingen av dei nordiske landa har planar med særskilt betyding for den nasjonale instrumentarven. Treng vi slike planar og kva kan dei utløyse?

Dei fleste utgreiingane om folkemusikk og folkedans er initiert av dei store folkemusikk- og folkedansorganisasjonane. Desse rører i stor grad forhold kring folkemusikken og -dansen. Eit unnatak er *De norske instrumentbyggertradisjonene – en situasjonsrapport*, skriven for Rådet for folkemusikk og folkedans i 2009. Ved Eric Sahlström Institutet vart det i si tid skriva eit utkast til ein nasjonal bevaringsplan. Dette er så langt det einaste forsøket i Norden på å skriva ein handlingsplan.

Kva er eit folkemusikkinstrument?


Folkemusikken og folkemusikkinstrument har sterke, historiske røter og det meste av folkemusikken blir framleis utøvd på dei instrumenta som langt på veg har forma sjangeren; fele, hardingfele, nøkkelharpe og langeleik. Samstundes har musikarane utvida repertoaret og tilnærminga til sine eigen tradisjonar. Slik har ein òg bana vegen for ei endring av instrumenta, noko som har gjort dei meir fleksible i møte med andre sjangrar og musikkinstrument.

For enkelte instrument kan det verke som om det er stor aksept for slik endring og utvikling, medan det for andre instrument ikkje finst same handlingsrommet. Omkvedet i kritikken av denne endringa er at instrumenta ikkje lenger «er seg sjølve», dei har vorte noko nytt, noko anna. Kva definerer eit folkemusikkinstrument? Kvifor er det aksept og rom for endring av enkelte instrument, medan det for andre er restriksjonar og mindre aksept?

Musikken endrar seg, instrumenta endrar seg

Den nordiske folkemusikken i dei siste åra i større og større grad vendt seg mot dei sjangerfrie og eksperimentelle musikkuttrykka. Ei mengd nye grupper og samspelformer fører til auka behov for utvikling og endring av eldre instrumenttypar, og bygging nye instrument – som fysisk og teknisk skal tole den nye musikkvardagen.

Dei siste åra har det vorte produsert ei rekke hybridinstrument i grenselandet mellom gitar og langeleik, eit instrument som tilpassar seg scenen og formidlinga der. Men, kva blir borte når instrumentet blir plugga med knappar og appar? Korleis kan instrumentmakarane på eine sida legge til rette for tilpassing etter nye behov og ynske, og på same tid ta vare på kvaliteten ved dei eldre instrumenttypane? Kva vegval må instrumentmakarane ta i møte med ein kravstor musikkindustri? I tillegg til den nemnte langeleiken, kva andre nyvinningar har kome til dei siste åra?



Langeleik laga av Niels Røine.

Tidlegmusikk møter folkemusikk

Det har sidan 70-talet vore ei auka interessa for eldre, historiske nøkkelharper, feler og bogar. Nokre av instrumentmakarane har allereie laga instrument eller kopiar av instrument inspirert av eldre instrumenttypar (kantele, hardingfele, langeleik, nøkkelharpe).

Interessa fører til auka behov for nybygde instrument, produserte av instrumentmakarar med interesse for slike instrumenttypar. Kva tilgang har instrumentmakarane til dei historiske instrumenta og kva slags tilnærming legg ein til grunn for kopiering av slike instrument? Kva vegval står instrumentmakarane overfor i møte med nye krav til spesialbygde instrument?

I lys av både denne og førre problemstilling, bidreg dei nye straumane til større instrumentmangfald, eller ber også desse straumane i seg behov for einsretting og masseproduksjon?

Instrument i museumssamlingane

Mange museum har store instrumentsamlingar. Dei fleste av instrumenta ligg forsvarleg lagra i magasin eller i stilt ut montrar i utstillingane.

Musea har eit ansvar for å sikre instrumenta for ettertida og å formidle mangfaldet av musikk- og instrumenttradisjonar gjennom utstillingar, konsertar og aktivitetar. Men, fører musea sitt arbeid eigentleg dette? Gjev musea oss ei rikare og meir variert forståing av tradisjonane? Eller fører arbeidet til ei forenkling og einsidiggjering av den lokale instrumentarven?

I Finland og på Island finst knapt ei utstilling om historiske strengeinstrument. På Scenkonstmuseet i Stockholm har dei regelmessige utstillingar om og med instrument. Ved fleire norske museum er det planar om nye instrumentutstillingar. Kva slags historier og instrument får plass i utstillingane? Kva er viktig, kva held vi utanfor?



Dei nye utstillingane på Valdres Folkemuseum opna i 2021 og viser fleire historiske instrument.

Behov for konservering og vedlikehald

Det er varierende tilstand for musikkinstrument i museum, historiske samlingar og privat eige. Dersom vi skal ta vare på instrumentarven for framtida, er det viktig at det blir utdanna både makarar og konservatorar. Dette vart påpeikt i ein ABM-rapport¹ utført av Ringve Museum i 2010. Det må vera eit overordna mål om eit godt vedlikehaldsnivå for folkemusikkinstrument i alle nordiske samlingar innan 2030.

Valdresmusea har eigen verkstad for reparasjon og bygging av hardingfeler og langeleikar. Det same har Ringve Musikkmuseum. Her finn vi den fremste kompetansen i landet i konservering av historiske musikkinstrument. Men korleis er situasjonen for musikkinstrumenta i dei andre nordiske musea? Har musea kompetanse i instrumenthandtering og konservering, eller lir dei unødig skade slik dei blir oppbevara i dag?

Utdanning og rekruttering

Ved Universitetet i Sørøst-Noreg i Rauland tilbyr dei eit toårig deltidsstudium i instrument-making og rekonstruksjon av historiske instrument. Studiet er i støyepeskeia og det er framleis for tidleg å seie kva betydning utdanninga vil ha for den framtidige produksjonen og tilfanget av folkemusikkinstrument. Ved Ole Bull Akademi tilbydde ein tidleg på 2000-talet studieplass for dei som ville lære kunsten å lage hardingfele. Men finansieringa og modellen har heile tida vore skjør, og per tid er det ingen studentar ved verkstaden på Voss.

I Sverige fanst det for inntil nokre år sidan ein fiolinbyggarskule i Leksand. Eit utdanningsløp for dei som vil lære å byggje nøkkelharper har aldri eksistert. Ingen av nøkkelharpemakarane ser heller ut til å ta ansvaret for situasjonen. Sjølv om ein ved Eric Sahlström Institutet skipar til årlege treff for instrumentmakarane, har det heller ikkje her vore særleg framdrift i arbeidet med å få på plass eit utdanningsløp i Sverige.

På Island er det ingen institusjonar som tek ansvar for opplæring eller utdanning, og i Finland er situasjonen om lag den same. Her har ein ei gitarskule som til ein viss grad er relevant i denne samanhengen. På folkemusikkavdelinga ved Sibeliusakademiet må alle musikkstudentane produsere eit enkelt folkemusikkinstrument.

Utdanningstilbodet er begredeleg for alle dei nordiske landa, og ingen av dei har strategiar for korleis ein skal sikre handverka for framtida. Utdanningstilbodet er begredeleg for alle dei nordiske landa, og ingen av dei har strategiar for korleis ein skal sikre handverka for framtida. Korleis kan vi gjennom eit nordisk samarbeid få fart på planane om betre utdanningsløp?

Amatørfeltet og tilrettelegging for barn

Er det mogleg å senke terskelen for handverket og gjera instrumentmakinga tilgjengeleg for barn og ungdom, og vaksne som ikkje har faget som profesjon? Vågar vi invitere breidda av folk inn i verkstada våre, og vågar vi å invitere oss sjølv ut i skulane? Stadig fleire skular etterspør denne kompetansen. Har vi ressursar og mannskap til å stille opp når skulane og spel- og dansarlag ber om hjelp? Kven har ansvaret for opplæring på eit amatør- og lågterskelnivå? Instrumentmakaren, musea, spel- og dansarlag, kulturskulane?

¹ Musikkinstrumentbasen over nett, prosjektrapport utført av *Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrumenter* / Ringve Museum, 29.12.2010.

I Noreg vart det på 90-talet produsert barnemodellar av langeleikar for ungar. Storleiken var om lag to tredjedelar av ein langeleik i normal storleik. Ved Eric Sahlström Institutet vart det i si tid laga fleire barnemodellar av nøkkelharpa. Er det eit potensiale i å bygge barnemodellar og korleis kan desse bidra til ei veksande instrumentinteresse blant barn og unge?

Det finst gode, motiverande miljø rundt om i spel- og dansarlag som og produserer instrument, fyrst og fremst til eige bruk. Miljøa er likevel viktige for å skape engasjement for instrumenta. I Gjøvik spelemannslag har dei sidan 80-talet invitert amatørar og andre til byggekurs. Her har dei rekonstruert instrument, og skapt nye. Under Jørn Hilme-stemnet kvart år er det flisespikking og lek med instrument for born og unge. Målet er å senke terskelen for å skape sitt eige instrument.

Forskingsamarbeid

I alle dei nordiske landa skjer det forskning, dei fleste med hovudmål å kaste lys over historikk, spreining og oppkomst av instrumentarven. Hardingfeleprosjektet i Norge er døme på eit slikt prosjekt. Prosjektet starta i 1993 og resulterte mellom anna i boka «Hardingfela – felemakerne og instrumentets utvikling» (2009). Langeleikprosjektet er eit liknande prosjekt og i hausten 2022 kom boka «Langeleiken – heile Noregs instrument» ut på marknaden. I Sverige fekk Jan Ling sitt forskingsarbeid på 60-talet stor betyding for revitaliseringa av nøkkelharpa på 1970- og 1980-talet. Vi spør: kva utbyte har instrumentmakarane og instrumenttradisjonen av forskingsprosjekta?

Workshop for vaksne

Fagprat med instrumentmakarane Knut Opheimsbakken, Bård Riise Hoel og Oddrun Hegge. Vi drøftar tema som:

- Trimming av stolar
- Plateavstemming
- Dekor med så mangt: pensel eller stift?
- Lakk og overflatebehandling
- Produksjon og vedlikehald av strenger

Og vi undersøker instrumenta i eit musikkarkeologisk perspektiv: Kva kan instrument fortelje oss om repertoar, status, speleteknikk, musikktradisjon, rigging no og før, originale delar og seinare tilføringar m.m.

Workshop for barn

I forkant av Nordisk instrumentseminar inviterer vi til kurs i langeleikbygging for ungdom i alderen 14—18 år. Instruktør er Oddrun Hegge, saman med instruktørar frå Hjerleid Handverksskole og Universitetet i Sjøraust-Noreg. Oddrun Hegge står i ein levande familietradisjon og ho har fått fleire prisar og utmerkingar for arbeidet sitt. Kurset vil bli gjennomført i verkstaden til Hegge i Aurdal og på Valdres Folkemuseum.

Kurset vil gje anledning til å utforske metodar for opplæring og formidling i nett dette handverket, og det er eit mål at kurset skal bli tilgjengeleg ved fleire skulemiljø i Noreg.